



Vedtekter for Ullensvang Arbeidarparti

§1 Formål.

Ullensvang Arbeidarparti er eit kommuneparti av Arbeiderpartiet, og tilslutta Vestland Arbeiderparti.

Kommunepartiet skal, i samarbeid med eventuelle partilag, arbeide for Arbeiderpartiet etter dei retningslinjer som partiet lokalt og sentralt har lagt fram i program, vedtekter og vedtak. Føresegnene i § 1 - 12 er å rekne som vedtekter som utfyller Arbeiderpartiet sine lovar og retningslinjer.

§2 Organisasjonens oppbygging

Det er Arbeiderpartiet sine medlemmer i ein kommune som skipar kommunepartiet. Medlemsmøtet er kommunepartiet sitt høgaste organ mellom årsmøta. Det er årsmøtet i kommunepartiet som avgjer kommunepartiet si organisasjonsoppbygging/lagsstruktur.

§3 Årsmøter

Til årsmøtet i kommunepartiet skal ein invitere alle medlemmer med tale- og forslagsrett. Alle medlemmer som kan vise gyldig medlemskap, og har vore medlem i éin månad, har stemmerett. Årsmøtet skal kunngjerast minst 4 veker før møtet. **Innan årsmøtet skal partiavdelingane gjennomføre sine årsmøter og levere årsberetning, årsrekneskap og årsmøteprotokoll til kommunepartiet.**

Saklista på årsmøtet skal innehalde:

- a. Godkjenning av innkalling og sakliste
- b. Val av møteleiar, referent og to personar til å skrive under protokollen
- c. Årsmeldingar og rekneskap
- d. Budsjett
- e. Innkomne framlegg
- f. Vedtektsfesta val

Det skal veljast 9 medlemmer til styret.

Årsmøtet skal velje leiar, nestleiar, kasserar, sekretær, medlemsansvarleg og kvinnekontakt.

Begge kjønn skal vere representert i verva som leiar og nestleiar.

Styremedlemmer vert vald for to år. Leiar og nestleiar vert vald for eitt år.

Ved val til styret skal ein ta geografiske omsyn, slik at flest moglege område blir representert i styret.

Forslag som skal behandlast på årsmøtet, må sendast partistyret seinast to veker før årsmøtet.

Styret sine medlemmer har ikkje stemmerett på årsmøtet ved behandling av årsmelding og rekneskap.



På årsmøtet, eller medlemsmøte, året før eit kommunestyreval skal det veljast ein programkomité, bestående av **minst** tre medlemmer, og ein nominasjonskomité på **minst fem-tre** medlemmer. Styret skal leggje fram eit forslag til komitéane. I tillegg tiltrer Ullensvang AUF programkomitéen og nominasjonskomitéen med eitt medlem som har tale-, forslags- og stemmerett.

På årsmøtet, eller medlemsmøte, same året som eit kommunestyreval, skal årsmøtet gje fullmakt til ein forhandlingsdelegasjon. Denne skal arbeide for å framforhandle posisjonar i førekant av konstituering i kommunestyret. Partiet sin ordførarkandidat skal vere ein del av forhandlingsdelegasjonen. Fullmakta skal gje rammer, og strategi, for forhandlingane.

Årsmøtet vel, etter forslag frå styret, ein valkomité på seks medlemmer. Medlemmer i valkomiteen vert vald for tre år. I tillegg tiltrer Ullensvang AUF valkomitéen med eitt medlem som har tale-, forslags- og stemmerett. Valkomiteen skal fremme ei innstilling til årsmøtet om dei vala som er nemnde i denne paragrafen, samt §8.

Styret skal innstille på val av utsendingar til Vestland Arbeiderparti sitt årsmøte og representantskap.

Ekstraordinært årsmøte vert avholdt når medlemsmøtet bestemmer det, eller minst 2/5 av medlemmene, ber om det. Ekstraordinært årsmøte skal kunngjerast minst fire veker før det skal haldast. Møtet kan berre behandle dei sakene som går fram av saklista ved kunngjering om ekstraordinært årsmøte.

§4 Medlemsmøtet

Medlemsmøtet er kommunepartiet sin høgaste myndigheit mellom årsmøta. Det tar avgjersler i alle saker som ikkje er tillagt partistyret eller kommunestyregruppa.

Medlemsmøter skal haldast så ofte styret bestemmer det, når kommunestyregruppa ber om det, eller når minst 2/5 av medlemmene ber om det.

Alle medlemmer i kommunepartiet har stemmerett i medlemsmøtet. Medlemmer av partiet si kommunestyregruppe skal ta del i medlemsmøtet. Når medlemsmøtet behandlar kommunale saker, skal kommunestyregruppa fremje innstilling i den enkelte sak.

§5 Styret

1. Kommunepartiet sitt styre består av 9 medlemmer. Blant desse er leiar, nestleiar, kasserar, medlemsansvarleg, sekretær og kvinnekontakt. Kvinnekontakten skal ha ansvar for kvinnenettverket i kommunepartiet.
2. AUF i kommunen tiltrer styret med eit medlem som har tale-, forslags- og stemmerett.
3. Partistyret skal leie partiarbeidet i kommunen og sikre ein god kontakt mellom partiet sine kommunegrupper.
4. Leiar av kommunestyregruppa har møteplikt i styret, med tale- og forslagsrett.



5. Ordførar og/eller varaordførar har møterett i styret, med tale- og forslagsrett.

6. Leiar, nestleiar og sekretær utgjer Arbeidsutvalet. Arbeidsutvalet førebur styremøtene og har ansvar for å halde styret fortløpande orientert om viktige saker. Arbeidsutvalet kan einstemmig fatte endelege vedtak i saker av mindre prinsipiell betydning og i saker kor styret har delegert myndigheit til Arbeidsutvalet. Dersom Arbeidsutvalet nyttar denne fullmakta, skal dette protokollførast og framleggjast for styret til orientering.

§6 Nominasjon til kommunestyreval.

1. Fylkespartiet sitt styre fastset tidsfristar for nominasjonsprosessen framfor kommunestyreval.

2. Partistyret ber medlemmene, innan ein fastsett frist, om å sende nominasjonskomiteen forslag på medlemmer dei ynskjer nominert.

3. Nominasjonskomiteen utarbeider eit forslag til liste, som skal offentliggjera for medlemmene. Listeforslaget skal også omfatte forslag på ordførar og varaordførar.

4. Medlemmene skal innan ein nærare fastsett tidsfrist sende sine endringsforslag til nominasjonskomiteen.

5. Medlemsmøtet føretek den endelige nominasjon på eit eige nominasjonsmøte. Nominasjonskomiteen legg fram sitt endelige forslag til liste, der det er innarbeida dei endringsforslaga som komiteen har slutta seg til. Før ein tar fatt på sjølve nominasjonen, fastset nominasjonsmøtet kor mange som skal uthevast. Nominasjonsmøtet nominerer først ordførarkandidat og varaordførarkandidat. **Desse skal stå fyrst på vallista, og uthevast.**

6. Kommunepartiet kan foreta nominasjon av ordførarkandidat og varaordførarkandidat før resten av lista vert nominert. Kommunepartiet skal i så fall ha fastsett dette som ein del av nominasjonsprosessen. Førhandsnominasjonen skal føretas av medlemsmøtet. Nominasjonskomiteen si innstilling til desse plassane må kunngjerast før møtet. Nominasjon av desse plassane er å ansjå som endeleg, og kan ikkje takast opp att på nominasjonsmøtet der nominasjon av dei andre plassane på lista skal føretakast.

7. Partiet sitt kommunevalprogram må sluttbehandlast før nominasjonen finn stad. Ved førhandsnominasjon av ordførarkandidat og varaordførarkandidat ~~må~~ **krevjast det ikkje at** kommunevalprogrammet sluttbehandlast før desse er nominert.

8. Rådgjevande avstemming over kandidatar kan haldast, før nominasjonskomiteen fremjer sitt første nummererte listeforslag.

§7 Kommunestyregruppene

1. Straks etter eit kommunestyreval skal ein kalle inn partiet sine representantar i det nyvalde kommunestyret til eit fellesmøte med partistyret. I møtet skal ein konstituere den nye kommunestyregruppa. I møtet skal det veljast ein gruppeleiar, samt eit styre for



kommunestyregruppa. Det er styret i kommunepartiet som er ansvarleg for å kalle inn til møtet.

2. Det skal haldast eit medlemsmøte i førekant av konstituering av kommunestyret. Medlemsmøtet skal avgjere kva som er partiet sine kandidatar til formannskapet, utval, samt andre kommunale styrer og råd. Partistyret, i samarbeid med den nye kommunestyregruppa og forhandlingsdelegasjonen, skal leggje fram ei felles innstilling til medlemsmøtet.

3. Kommunestyregruppa skal, i samarbeid med partistyret, arbeide etter partiet sitt program, vedtekter og vedtak. Gruppa er ansvarleg ovanfor kommunepartiet.

4. Kommunepartiet sin leiar, og inntil to andre styremedlemmer peika ut av partistyret, kan tiltre kommunegruppa med tale-, forslags- og stemmerett. Kommunepartiet sin leiar, eller anna styremedlem vald av styret, tiltre formannsgruppa med fulle rettigheter.

5. Gruppa held møter så ofte som naudsynt. Før kvart kommunestymøte skal kommunestyregruppa gå gjennom møtet si sakliste. ~~Alle medlemmer har rett til å delta på gruppemøtene med tale- og forslagsrett.~~

Alle medlemmer har rett til å delta på gruppemøtene med tale- og forslagsrett, men berre gruppa sine medlemmer, samt styremedlemmer som tiltre gruppa, har stemmerett.

6. Det skal førast ein protokoll frå gruppa sine møter. Gruppa legg fram ei årsmelding for årsmøtet i kommunepartiet.

7. Vedtak i kommunestyregruppa, kommunepartiet ved årsmøtet eller medlemsmøtet, er bindande ved behandling i kommunestyret, om ikkje det aktuelle organet har vedteke noko anna.

8. Den som er inhabil i ein sak som skal behandlast i fylkesting, eller kommunestyre, og/eller har personlege, eller familiære, interesser (økonomiske, forretningsmessige osv.) i ein sak som skal behandlast i partiet sine organ, eller i kommunestyregruppa, er å ansjå som inhabil i partiet si behandling.

9. Partiet sine representantar i kommunale styrer og utval skal danne grupper. Desse gruppene skal organiserast og arbeide etter dei reglane som er trekt opp for kommunestyregruppa i føregåande punkt 4-9.

10. Partistyret skal, i samarbeid med kommunestyregruppa, sørge for at det vert halde fellesmøte med partiet sine representantar i kommunale styrer og utval. Dette skal fremje godt og planmessig samarbeid mellom gruppene.

11. Kommunale saker skal behandlast av medlemsmøtet når styret for kommunestyregruppa ber om det, om eit fleirtal i kommunestyregruppa krev det, når partistyret bestemmer det, eller når medlemsmøtet ber om det. I desse tilfella er styret ansvarleg for å kalle inn til medlemsmøte, slik at saka kan behandlast i tråd med §4.



§8 Revisjon

Årsmøtet vel to revisorar. Desse reviderer rekneskapen, og rapporterer til årsmøtet og til fylkespartiet.

§9 Kontingenten

Kommunepartia sin del av kontingenten vert fastsett av landsmøtet.

§10 Vedtekter

Vedtektene for kommunepartiet vert vedteke av årsmøtet. Dei skal byggje på Arbeiderpartiet sine vedtekter og retningslinjer, og må ikkje stå i strid med dei. For å vere gyldige må vedtektene verte godkjent av styret i Vestland Arbeiderparti. Kommunepartiet sine eigendelar skal tilfelle Vestland Arbeiderparti om kommunepartiet vert oppløyst. Når vedtak om oppløysinga er fatta, skal økonomiske disponeringar og bevilgningar godkjennast av fylkespartiet. Det er ikkje høve til å dele ut gjenverande midlar til medlemmane.

§11 Rådgivande uravstemming

1. Medlemsmøtet kan vedta å søkje råd i viktige politiske og organisatoriske saker i form av rådgjevande uravstemming blant partiet sine medlemmer.
2. Styret har ansvaret for at det vert utarbeida eit grunnlag for avgjerd som i tilstrekkeleg grad belysar saken som skal avgjerast.
3. Styret har ansvaret for at uravstemminga vert gjennomført på ein forsvarleg måte, etter nærare retningslinjer fastsett av medlemsmøtet.
4. Vurdering av rådgjevande uravstemming skal alltid gjerast i førekant av at saker vert behandla.

§12 Kvinnekontakt på kommunenivå

Organiseringa av kvinnenettverket i Ullensvang Arbeidarparti vert regulert av retningslinjene for Arbeidarpartiet sitt kvinnenettverk.

Vedtatt på årsmøtet 27.januar 2025